

Vinnar av Bibliotekprisen for Møre og Romsdal 2018 er Bjørg Moltu

Norsk bibliotekforening avdeling Møre og Romsdal deler i 2018 ut Bibliotekprisen for Møre og Romsdal. Årets vinnar er Bjørg Moltu, biblioteksjef i Stordal kommune.

Bjørg Moltu har i lang tid vore eit døme til etterfylgning i bibliotekverda på kva ein kan få til med nytenking, samarbeid og små midlar. Ho er tydeleg engasjert i arbeidet sitt, for formidling, kommunen sin og for at folk skal trivast og ha det bra der dei bur.

Det skortar ikkje på prosjekt og vilje hjå Bjørg. Mellom anna har ho ved fleire høve synt at «vi leikar ikkje utkledding» – for temafestar, karneval og formidling er noko ho tek på høgste alvor. Engasjementet for formidling syner seg i alt frå den lokale revyen til dramatiseringar av eventyr og bøker. Eit godt døme er «Stubbedikt», som var ein del av prosjektet «Biblioteket i farta», der folk i bygda fekk vere med på fjellturar samstundes som dei fekk dikt på vegen, gjerne medan ein sat på ein stubbe. Her vart det henta inn diktlesarar frå andre stader, ofte folk som ikkje var frå bygda. Prosjektet var eit samarbeid mellom Mental Helse, Nasjonalbiblioteket og Møre og Romsdal fylkesbibliotek.

Engasjementet har dessutan vara lenge. For om lag eit tiår sidan laga Bjørg og hennar kollega i kultur eit fleirbruksmøbel til bruk i biblioteket. Her var òg mannen til Bjørg delaktig som teiknar. Møbelet vart eit lite amfi med plass til 30 sitjeplassar som kunne slåast saman og nyttast til andre ting. Dette var i ei tid lenge før møteplass og debattarena vart aktuelle omgrep. Diverre vart det ikkje til at møbelet vart masseprodusert, men det er liten tvil om at dette er nok eit godt døme på kreativiteten og vilja Bjørg husar.

Bjørg er dessutan ikkje redd for å uttrykke meiningane sine. Både som politikar og biblioteksjef har ho gått inn i oppelda debattar om den føreståande kommunesamanslåinga, og er soleis ei inspirasjonskjelde for dei mange biblioteka som fryktar desse usikre tidene der ein plutseleg kan forsvinne i dragsuget.

Med andre ord er det eit kreativt, engasjert, førebiletleg, inspirerande og omsorgsfullt menneske som får Bibliotekprisen i år. Det er på grunn av eldsjeler som Bjørg at vi framleis har levande bygder her i landet, som gjer at folk vil byggje og bu, og aller mest; at dei vil bli.

Gratulerer, Bjørg!